

HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
Postboks 7900

5020 BERGEN

Vår dato: 22.06.2018  
Vår ref: 2011/3642 - 15427/2018 / Q10  
Dykkar ref:

## Melding om vedtak - Stordpakken

Stord kommunestyre gjorde 21.08.2018 følgjande vedtak i sak om Stordpakken – delfinansiering med bompengar:

*Kommunestyret verdset det arbeidet som er gjort med Stordpakken til no, og meiner prosjekta i pakken vil vera viktige for å vidareutvikla infrastrukturen i Stord kommune. Kommunestyret vil peika på følgjande spesielt viktige prosjekt som bør prioriterast høgst i det vidare arbeidet:*

- *Nytt tverrsamband frå Tysevegen til Sæ*
- *Litlabøvegen*
- *Nytt kollektivknutepunkt i Leirvik sentrum og rundkøyring utanfor Leirvik skule*
- *Rundkøyring i Tveitakrysset*

*Kommunestyret vil avventa å søkja om delvis bompengefinansiering av Stordpakken, og viser til dei høge kostandene med etablering og drift av bomstasjonane.*

*Kommunestyret vil be rådmannen undersøkje moglegheita for at Stord kommune kan delta i eit pilotprosjekt på ein betre og mindre kostnadskrevjande innkrevjingsmåte, som t.d. gps basert vegprising.*

*Kommunestyret bed rådmannen arbeida vidare med dei ovanfor prioriterte prosjekta i Stordpakken, og søkja fylke og stat om midlar til trafikk sikring, punktutbetring og planlegging.*

*Kommunestyret føreset at Hordaland fylkeskommune sitt ansvar for etablering av nytt kollektivknutepunkt og oppgradering/trafikk sikring av fylkesvegnettet gjeld uavhengig av innføring av bompengeinnkrevjing.*

Med helsing

Andreas Moe Larsen  
kommuneplanleggjar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Vedlegg: Særutskrift